



Gol kommune

Møtereferat frå Klimarådet

Referatdato:

22.11.2019

Møtedato:

Referanse:

19/00148-12

Mottakarar:

Hege Mørk/Rådmannen; Heidi Granli/Ordføraren; Svein Eide/Samfunn og utvikling

Referent:

Jørn Magne Forland

Kopi:

Referat frå klimarådet i november

Punkt	Beskrivelse	Ansvarleg	Frist
1	Status for oversikt over nedgravde oljetanker og forbodet mot bruk av mineralolje til oppvarming i 2020. Kommunens plikt framover. Kommunen har ikkje oversikt over alle oljetankar (nedgravde) i Gol, men me har ei liste å ta utgangspunkt i. Det er også stadig fleire eigarar som tek kontakt i samband med forbodet i 2020 og lurar på kva dei skal gjere med tanken. Då får me også oversikt over deira tankar og me får rettleia dei i høve; anten fjerning eller info om moglegheiten til å la tanken ligge ved at det vert gitt dispensasjon. Det er tankeigar/brukar si plikt at forbodet mot bruk av mineralolje vert overhalde, men kommunen må gje info om dette og rettleie. Det har også kommunen gjort og me gjer det framleis. I 2020 vil me sende brev til dei me har oversikt over og som me ikkje har fått noko info om i høve status for oljetanken. Kapittel 1 i forureiningsforskrifta krev at alle oljetankar som ikkje er i bruk skal gravast opp og fjernast. Me vil også utfordre HBR til å hjelpe oss med å registrere oljetankar når dei utfører feieoppdrag. På	Jørn Magne	2020

	sikt vil me då få ein betre oversikt. Det er også mogeleg å be oljeleverandørar om kundelister, men det vil me kun gjere dersom me får få tilbakemeldingar frå dei me sender ut brev til.		
2	<p>Klimatiltak 2020 – Kva skal me nytte 50.000 kr til? Og kva andre tiltak er aktuelle?</p> <p>Klimapris i Gol kommune? Denne skal ha som mål å stimulere personer/lag/organisasjoner til å fremme klimavennlige tiltak mm. Klimarådet kommer tilbake til dette etter at budsjettet for 2020 er vedtatt.</p> <p>Jobbe med tiltak i klimaplanen vår – blant anna arbeide med miljøfyrtårnsertifisering av kommunale virksomheter som ikke er Miljøfyrtårn enda. På sjå at resertifiseringer går sin gang.</p> <p>Deltaking i klimanettverk Hallingdal og følgje opp arbeidet med TØI rapport om trafikk og reiser i Hallingdal</p>	<p>Klimarådet</p> <p>Jørn Magne</p> <p>Jørn Magne</p>	<p>Jan/feb 2020</p> <p>2020</p> <p>2020</p>
3	<p>Friluftslivskartlegginga frå 2017. Korleis kan kunnskap om stigar/løyper/grøntstrukturar bidra til at fleire går eller sykklar til og frå jobb, skule eller barnehage?</p> <p>Mange nyttar eksisterande trasear, men kommunen har fått attendemelding frå personar som meiner at dei mest brukte stigane bør lys-settast. Då vil dei kunne bli brukt heile året. Klimarådet meiner kommunen bør sjekke ut moglegheiten for å lage lysstolpar med solcelle, som eit prøveprosjekt.</p>	Jørn Magne	2020
4	<p>Bruk av 50.000 til klimatiltak i 2019</p> <p>Klimarådet meiner at det bør kjøpast inn ein el-sykel som kommunalt tilsette kan låne til arbeidsrelatert bruk i arbeidstida. Kommunen innhentar tilbod. Vidare må noko av midlane verte nytta som eigenandel til klimasats-rapport frå Norconsult.</p> <p>Innmeldt sak frå Heidi Granli; I AMU vart det spurt om klimatiltakspotten på 50 000 kan nyttast til ladepunkt for tilsette ved barnehage og skule som har el-bil.</p> <p>Klimarådet meiner at klimatiltakspotten ikkje kan nyttast til dette, då denne skal komme flest mogeleg til nytte. Behovet for ladepunkt ved skule og barnehage må komme som eventuelt eigen sak.</p>	Jørn Magne	2019

Neste møte 16. desember;

Presentasjon av klimasatsrapportar (samferdsel og renseanlegg) samt rapport frå Skred AS (Kartlegging av kritiske punkt i Gol kommune). Avdelingsleiar for kommunalteknisk vert invitert til møtet.

Referent

Jørn Magne Forland
miljøvernrådsgjevar